



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 25.06.2026

Kjære ressursperson og leiar!

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg. I dette nyheitsbrevet vil de finna oppsummering av aktivitetane som har vore i nettverket denne våren, informasjon om planar for hausten, og de vil finna aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverket skal sikra samarbeid, og dei lokale nettverksmøta legg til rette for dette på ein unik måte ved at ein vert betre kjent og får ei auka forståing på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.

Send gjerne brevet vidare til kollegaer på din arbeidsstad, eller legg eit eksemplar på vaktrommet for å synleggjera kva du er ein del av ☺.

Kva har skjedd sidan sist?

Årleg fagdag for begge nettverka vart arrangert 24. mars med tema «*Palliasjon til skrøpelege eldre*» med rundt 120 deltakarar og gode evalueringar i etterkant.

Lokale nettverksmøte

Det er gjennomført lokale nettverksmøte i alle nettverksgruppene denne våren. Tema for undervisninga:

- «*Å stå i spennet. Hjelperens hverdag mellom krav og forventninger*» undervisning ved Anne Birgitte Bødtker Ruus, sjukehusprest i Helse Fonna ved Haugesund og Valen sjukehus
- «*Verdighet til døende pasienter med demens*» undervisning v/ Cecilie Lilleskare Vaglid, demenskoordinator i Tysvær kommune

Alle gruppene vil i løpet av året få undervisning i begge tema, fordelt på vår og haust.

Helse Fonna har 6 nettverksgrupper med ressursjukepleiarar frå alle kommunar og sjukehus i helseføretaket

Helse Fonna har 4 nettverksgrupper med ressursfysioterapeutar og -ergoterapeutar frå kommunar og sjukehus i helseføretaket

Fagdag i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Fagdag for nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar i Helse Fonna vart arrangert i februar på Veia sjukeheim med godt oppmøte og undervisning frå lokale ressursar. Temaet var «Når alvorleg sjukdom rammer, og kroppen endrar seg.» Det vart undervist om psykomotorisk fysioterapi, lymfødeme, stomi og ortopediske hjelpemidlar. Det vart ein dag full av god undervisning og eit flott innlegg frå brukarrepresentant frå NORILCO. Det er for tida stort behov for ein eller fleire nye ressurspersonar i driftsgruppa. Ta kontakt med Karoline Berge om du har moglegheit, og kunne tenkja deg å vera med og bidra der.

Planar for hausten 2026

Nettverksmøta startar opp i september. Du som er ressursperson er viktig for både nettverket og for din arbeidsstad, og som bindeledd mellom kunnskap og praksis.

Her er oversikt over nettverksmøta i haust:

Nettverksgruppe	Dato
Hardanger	29. september: Kinsarvik
Ytre Haugaland Midt	20. oktober: Haugesund sjukehus
Ytre Haugaland Nord	17. november: Haugesund sjukehus
Ytre Haugaland Sør	13. oktober: Skudenes
Indre Haugaland	27. oktober: Suldal
Sunnhordland	3. november: Fitjar

Sett av datoen i kalenderen og informer leiar allereie nå.

Hugs møta er obligatoriske for sjukepleienettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar møter når dei kan.

Nettverket består av **123** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **27** ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket.

For meir info sjekk ut pallnet.no

Introduksjonskurs vert arrangert på USHT, Bjørgene **14. oktober 2026** for alle nye ressurspersonar, og deira næraste leiar.

Lokal fagdag innan grunnleggande palliasjon vert arrangert på HVL til hausten, **truleg november 2026**. Fagdagen er spesielt retta mot nye ressurspersonar i nettverket og dei som ikkje tidlegare har deltatt. Ein ser det som viktig, når ein skal vera ressursperson på sin arbeidsstad, at ein har oppdatert kunnskap om grunnleggande palliasjon. Det vil vera same undervisning kvart år. Fagdagen er også open for at sjukepleiarar og anna helsepersonell, som ikkje er med i nettverket, kan delta for å oppdatere sin kunnskap.

Meir informasjon om alle arrangementa kjem både på e-post og via KLB sine nettsider.

Har du fått ny leiar, nytt telefonnummer eller er ferdig med studiar? Hugs å melda frå til KLB: lindrende.behandling@helse-bergen.no for oppdaterte opplysningar i www.pallnet.no

Kurs og konferansar

Landskonferansen i palliasjon i Tromsø 23.-25. september [Landskonferansen i palliasjon](#)

11th International Conference on Best Care for the Dying Person 17.-18. november, Lund, Sverige [Home](#) | [Best Care for the Dying Person](#)

“Den lille forskjellen”: [Digital kursserie om lindrende behandling](#)

På KLB sine nettsider under kurs, seminar, konferansar og webinar finst det webinar tilgjengeleg, i regi av International Collaborative for Best Care for the Dying Person: [Webinars](#) | [Best Care for the Dying Person](#)

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Regionalt legenettverk

KLB tar nå første steg mot eit regionalt legenettverk i lindrande behandling og inviterer interesserte legar til uforpliktande å melda si interesse. Tips gjerne aktuelle legar og del lenke: [Regionalt legenettverk i lindrande behandling - første steg - Helse Bergen HF](#)

Ny opplæringspakke om lindrande behandling og omsorg

Ein ny opplæringspakke om lindrande behandling og omsorg skal bidra til å heva den grunnleggjande kompetansen innan palliasjon hos helse- og omsorgspersonell. Målgruppa er sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar, og opplæringspakken er utvikla av Aldring og helse, på oppdrag frå Helsedirektoratet. For meir informasjon: [Ny opplæringspakke om lindrande behandling og omsorg gratis tilgjengeleg - Helse Bergen HF](#)

Ny rettleiar om behandlingsavklaringar er publisert og nyheit er tilgjengeleg på KLB sine nettsider: [Ny rettleiar om behandlingsavklaringar ved livsbegrensande eller alvorleg langvarig sjukdom - Helse Bergen HF](#)

Minner om [DIGGPÅ -digital guide for pårørendearbeid](#), og ny og aktuell episode i podkastserien [Hjelpepodden](#): «Når livet flytter på sykehjem».

Tilskot til lindrande behandling

Kommunar kan søkja støtte til prosjektmidlar som styrkjer kvalitet og kompetanse i palliative tenester gjennom tilskotsordninga *Kompetansehevende tiltak for lindrende behandling og omsorg ved livets slutt*. Søknadsfrist er vanlegvis 1. mars, og det er lurt å starta planlegging tidleg. Sjå pågåande prosjekt i vår region på KLB sine nettsider, under [kommunale prosjekt](#) og ta kontakt ved spørsmål.

Montebellosenteret tilbyr kursopphold med fokus på livsmestring

Sjå kurs og info [her](#).

Nytt frå Kreftforeningen

Kreftforeningen har fleire ulike tilbod til kreftramma, pårørande og etterlatne i Rogaland [Tilbud – Kreftforeningen](#)

Følg med på tilboda som kjem til hausten. Lurer du på noko? Ta kontakt med oss: kristin.eikill@kreftforeningen.no, eller ring 469 10 202.

Velkommen til å delta eller komma innom **Stafett for livet Karmøy lørdag 29. til søndag 30. august**. [Kreftforeningens Stafett for livet Karmøy - Kreftforeningens Stafett for livet](#)



Nytt frå KOR

Kreftomsorg Rogaland har lansert eit nytt verktøy som heiter “Styrkekort”. Styrkekort er eit samtaleverktøy for å fremja barn og unge sine styrker og inni boksen ligg der 25 kort med ulike bilder og beskrivelse av styrker. Boksen er utvikla av terapeutar i Kreftomsorg Rogaland og trykt med støtte frå Sparebankstiftelsen SR-bank.

Boksane kan bestillast: <https://www.kreftomsorg.no/styrkekort/>



Som mange av dykk veit skal Grete bli pensjonist frå august av og sluttar i Kompetansesenteret. Jenny-Ann fortset som før og ny regional medarbeidar vert tilsett i Grete sin stilling. De vil møta dei på nettverksmøta og andre arrangement utover hausten.

Med ynskje om god sommar til dykk alle!

Med helsing frå driftsgruppene for
nettverka

Grete Skeie Sørhus og
Jenny-Ann Lid Toft
Sjukepleienettverket

Karoline Berge
Fysioterapi- og ergoterapinettverket



Foto: Jenny-Ann Lid Toft

**Tusen takk for innsatsen, engasjementet og
faglege bidrag i kvardagen!**